

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

Vedtekne 11.01.96 KOU 7/96
med endringar pr. 18.10.04 (KOO 46/04)

0. GENERELLE REGLAR.

- 0.1. Desse tilskotsordningane skal dekkje Utvalet for kultur, oppvekst og omsorg sine samla ansvarsområde innan kulturfeltet.
- 0.2. Lag/organisasjonar og tiltak det vert søkt tilskot til, må ha direkte tilknytning til Fyresdal kommune, eller ha medlemmar frå Fyresdal og gje eit tilbod som ikkje finnast i kommunen. Tiltak for born og unge vil verte prioritera.
- 0.3. Det vert ikkje gjeve tilskot til organisasjonar/lag eller tiltak som primært ivaretek økonomiske interesser.
- 0.4. Tilskot til organisasjonar/lag vert berre utbetalt til registrerte bankkonto/postgirokonto.

1. ETABLERINGSTILSKOT

- 1.1. Tilskot kan gjevast til oppstarting av nye organisasjonar/lag med hovudaktivitet som kjem innunder pkt. 0.1.
- 1.2. Organisasjonen/laget må vere heimehøyrande i Fyresdal kommune, eller gje eit tilbod som ikkje finnast i kommunen. Det er eit vilkår for å få tilskot at laget har medlemmar frå Fyresdal.
- 1.3. Søknaden om etableringstilskot vert forma i eige brev.
- 1.4. Søknaden må innehalde utgreiing om organisasjonen/lagets formål og aktivitet, dessutan opplysningar om kva søkjaren vil bruke tilskotet til.
- 1.5. Søknad om etableringstilskot kan sendast uavhengig av andre søknadsfristar.
- 1.6. Storleiken på tilskotet vert fastsett av Utvalet for kultur, oppvekst og omsorg etter ei samla vurdering av søknaden.

2. DRIFTSTILSKOT.

2.1. Driftstilskot kan berre gjevast til organisasjonar/lag som fyller følgjande vilkår:

a) Organisasjonen må ha hovudaktivitet som kjem innunder pkt. 0.1, og fyller vilkåra i pkt 0.2

b) Organisasjonen må ha ope medlemskap.

2.2. Driftstilskotet er meint som eit bidrag til organisasjonen/laget sin daglege verksemd som omfattar fylgjande:

Drift av anlegg:

a) Husleige, straum, grunnleige, reparasjonar. Drift og vedlikehald av anlegg.

b) Innkjøp og vedlikehald av utstyr.

2.3. Drift av organisasjonsarbeid:

a) Trening, instruksjon (opplæring av eigne medlemmar, kurs osv.)

b) Deltaking i stemner og konkurransar. NM og landsstemner.

c) Mindre arrangement og aktivitetar.

2.4. Tilskott til grendelag og grendehus går etter same prinsipp som pkt. 2.2. og 2.3.

2.5. Søknaden skal sendast på eige skjema som er å få hos kulturavdelinga

2.6. Rekneskap skal ha som mål å førast etter felles nykel, med felles kontoar m.v.

3. TILSKOT TIL SÆRSKILTE OPPGÅVER OG TILTAK

3.1. Tilskot kan gjevast til stimulering av andre oppgåver og tiltak som etter Utvalet for kultur, oppvekst og omsorg si oppfatning har betydning for det lokale kulturarbeidet i Fyresdal kommune.

3.2. Søknad vert å sende i eige brev.

3.3. Søknaden må innehalde utgreiing om tiltaket, kostnadsoverslag og finansieringsplan.

3.4. Slike søknader kan sendast heile året.

3.5. Storleiken på tilskotet vert fastsett av Utvalet for kultur, oppvekst og omsorg etter ei samla vurdering av søknaden.

TILLEGG SOM DEL AV KRITERIEGRUNNLAGET FOR KOMMUNALE TILSKOT TIL IDRETTSLAGA.

1. Søknader om å få dekt kostnader som idrettslaga eller dei enkelte utøverane har til treningssamlingar, konkuransedagar, reiser, kursdagar og liknande, vil kommunen ikkje take opp som einskildsaker. Tilskotet frå kommunen vert eit generelt tilskot som klubbane disponerar også til slike aktivitetar.
2. Berre i heilt spesielle tilfelle – t.d. når ein utøvar har teke medalje i eit Norgesmeisterskap – vil det verte vurdert å yte særskild oppmuntring.